



**NORSKTIDE:** Elevane arbeider med ein fantasitekst om rampestrekane til Henrik Wergeland som barn. Lærar Gro Fallet Haugli lyttar til Birk Dokken Spets (9 år). Til venstre Signe Nordahl (8 år) i djup konsentrasjon.

## Læraren i førarsetet



**EIDSVOLL:** Rektor Vibeke Melby har «sett lyset». Alle hennar tilsette er desentraliserte studentar i yrkes-pedagogisk utvikling (YPU) ved Høgskulen i Oslo og Akershus (HiOA) – dei utviklar tiltak som er tilpassa utfordringane på Feiring skule.

Tekst: **INGELIN WESTEREN**  
Foto: **ERIK M. SUNDT**

Bratte akebakkar, ein halvmeter snø, og eit uendeleg tal grantre rammar inn barne- og ungdomsskulen Feiring skule ved Mjøsa. Lærar Gro Fallet Haugli introduserer dei utsendte frå I skolen for barna i norsktimen.

– Desse skal høyre litt om YPU-prosjektet me held på med her på skulen, forklarar ho, og barna nikkar innforstått.

Signe Bakken (9) og Hafdis Oliveros Einarsdottir (9) arbeider med ein fantasitekst om rampestrekane til Henrik Wergeland som barn. Skriveprosessen har stoppa opp, og lærar Gro set seg på huk for å høyre spørsmåla deira.

– Kven er det som skal vere inne i edderkoppen? fortvilar jentene.

Gro tenker seg litt om.

– Det kan jo hende at det er Henrik Wergeland, undrar ho seg.

Jentene ser oppglødd på kvarandre, og snur seg til tastaturet med ivrige pekefingerar.

– Sjølvst, det er Henrik!

### Frå drama til skrivelyst

– Kollegaen min og eg har utvikla ei metode for å arbeide med skriveprosess på fyrste- og mellomtrinnet. Me



**POLITIKARE:** Stortingsrepresentantane Sverre Myrli (Ap) og Marianne Åsen (Ap) på Feiring skule.



**SKULEN:** 17 lærarar her ved Feiring skule deltek i yrkespedagogisk vidareutdanning (YPU).

starta med å kle oss ut som Wergeland og Collett og kle klasserommet om til Eidsvoll prestegard, fortel Gro.

– Deretter har me fylt på med kunnskap. Me har opplevd at dei med lese- og skrivevanskar har skrivne mykje når dei har fått assosiasjonar og lov til å skrive alt som fell dei inn ved høgtlesing av korte setningar og ord, seier ho og legg til:

– I dag er oppgåva at dei skal evaluere tekstane til kvarandre, og gje tilbagemelding om to ting som er bra, og ein ting som kan verta betre ved teksta, fortel ho, medan friminuttet byrjar å utspele seg i gangen, og vottar og luer skal finne rett eigar.

– Me skal legge norskprosjektet vårt fram i form av eit kollegakurs eller som eit framlegg for forel-

dre, fortel ho, og ser at barna no har tumla seg ut i sola og snøen på tunet.

– Deretter skal me ha ein skriftleg skuleeksamen innan yrkespedagogisk utviklingsarbeid.

#### – Me har sett lyset!

På rommet ved sida av deler rektor Vibeke Melby a-ha-opplevinga si i høve til YPU på Feiring skule med to besøkande stortingspolitikarar.

– Som lærar er eg opptatt av å definere læringsmål, startar ho, og ser på leiaren av utdanningskomiteen, Marianne Aasen (Ap), og Sverre Myrli (Ap), medlem av utanrikskomiteen, frå Akershus.

– I løpet av dette møtet vil eg at de skal lære kvifor det er viktig at lærarar får forske i eigen praksis, held ho fram.

Melby deler ut eit ark med ei samanlikning av utviklingsprosjektet ved skulen versus nasjonalt initierte utviklingsprosjekt, som til dømes Gnist.

– Deltakarperspektivet i prosjektet vårt er sjølv genialiteten, seier ho, og legg til:

– Tiltak som Gnist er toppstyrt, medan det lokale utviklingsprosjektet er deltakarstyrt. Eg meiner at toppstyrte tiltak kan føre til ei avprofesjonalisering av læreryrket, medan lokale utviklingsarbeid tar læraren si erfaring og kompetanse på alvor, smiler ho.

– Me har fått ei gjevapakke frå HiOA. Forelesarar kjem hit til skulen, og fyller på med teori og verktøy tilpassa våre prosjekt, fortel ho vidare. Foreldre og bygdefolk arrangerer

aktivitetsdagane, juleverkstadane og skidagane, medan lærarane lærer sjølve.

#### Columbi egg

– Skulen er ein av dei minst lærande organisasjonane i arbeidslivet, og det må snuast, meiner Marianne Aasen.

– Opplegget på Feiring skule er eit Columbi egg, med både forskingsbasert kunnskap og lærardefinerte utviklingsområde. Dette kan ein få til på både bygda og i byen, meiner ho, men, legg ho til:

– Det er partipolitisk semje om tiltak som Gnist og nasjonale prøver, som også må til for å snu generelle negative trendar i samfunnet.

«Skulen er ein av dei minst lærande organisasjonane i arbeidslivet, og det må snuast»

Marianne Aasen (Ap), leiars av Stortingets utdanningskomité



**KREATIVT:** Lærar Gro Falset Haugli idémyldrar med Signe Stensby Bakken (9 år) og Hafdis Oliveros Einarsdottir (9 år) om Wergeland.



**RESPONS:** Elevar gjev respons på kvarandre sitt arbeid, og får respons frå lærar.



**LÆRAR:** Lærar Gro Falset Haugli har i lag med ein kollega utvikla ei metode for å arbeide med skriveprosessen.



**SAMARBEID:** Nokon av dei som samarbeider i prosjektet. Frå venstre FAU-leiar Ulrikke De Vibe, ordførar i Eidsvoll kommune Einar Madsen, rektor Vibeke Melby og assisterande rektor Hanne Jevnaker.